

ÅRSRAPPORT FRA STATENS NATUROPPSYN TIL BREHEIMEN NASJONALPARKSTYRE 2012



SNO tilsette:

Liv Byrkjeland, Luster
Øyvind Angard, Skjåk

I tillegg er det kjøpt tjenester av:

Skjåk almenning
Lom fjellstyre
Skjolden bygdeservice SA
Johannes Hauge, Kjell Einar Ormberg, Kjetil Ruud, Rune Rek Olsen (sjølvsendig næringsdrivande)
Steinar Vatne (økolog)
Bjørn Ove Bergum (fotograf)
Skjolden oppvekstsenter (skule og barnehage)



Innhald

1. Oppsynsaktivitet: kontroll/tilsyn og informasjon	3
Motorferdsel	4
Villrein	4
Bestandsregistrering rovvilt	5
Informasjon	5
Plukking av søppel	7
Tilsyn med tamreindrift	7
2. Registrering/overvåking	9
Ferdselstelling	9
Bevaringsmål – strukturert befaring	9
3. Tiltak frå bestillingsdialogen	11
Kulturlandskapsskjøtsel i Mørkridsdalen	11
Utbetring av buforveg i Mørkridsdalen	13
Utbetring av buforveg i Dalsdalen, Vigdalen LVO	13
Restaurering av Smithbue på Lomseggi	14
Bru i Tundradalen	15
Skilting av Breheimen	15



1. Oppsynsaktivitet: kontroll/tilsyn og informasjon

Figurane under viser oversikt over brukt arbeidstid på ulike fagområde hjå SNO- i Sogn og Fjordane og Oppland.



Motorferdsel

I Sogn og Fjordane har det vorte gjennomført sporadisk kontroll av motorferdsel, men ingen fellesaksjonar med politi. Køyringa med snøscooter ser ut til å vere stabil, og det er observert køyrespor i same områda som i fjar: Vigdalen og Kokstad-Osen området. Det er ikkje avdekka ulovelege forhold. Mange melder ifrå til SNO om når dei skal ut å køyre i tråd med løyve som er gitt.

I Oppland har det vore sporadiske kontrollar av motorferdsel både om sommaren og vinteren, ingen aksjon saman med politi.

Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging

Samarbeide med forvaltinga om å føre betre oversikt over løyve som er gitt og tilbakemeldingar om utført motorferdsel. Gjennomføre sporadiske oppsynsturer for å forebygge/avdekke ulovlig bruk av motorkjøretøy i verneområda.

Villrein

Villreinutvalget for Ottadalens og SNO har eit godt samarbeid om gjennomføring av oppsynet under villreinjakta. Under årets villreinjakt deltok SNO med fem fast ansatte, som til saman var ute 53dager, utførte 59 kontroller og informerte 353 personer. Det vart skrive tre rapportar, der ein gjekk på manglande ettersøk og to feilskyting

I forkant av villreinjakta er det årleg eit kurs/møte der alle oppsyn som skal gå i jakta er med. Der er Sno ein av bidragsytarane med det faglege opp mot oppsynskorpset.
Ordninga der Ottadalens villreinområde prøvar ut miljøerstatning i forhold til naturmangfaldlova held fram.

Oppsynskorpset brukte også i år sno-uniformering og sno-tenestebevis



Øyvind på villreinoppsyn

Utviklingstrekk/utfordringer

Sjå villreinutvalgets årsmelding/oppstyrssrapport.

Anbefalte oppfølgingspunkter neste år

Se villreinutvalgets årsmelding/oppstyrssrapport.

Bestandsregistrering rovvilt

SNO gjennomfører bestandsregistrering av jerv frå mars og ut snøsesesongen. Dette medfører mange besøk i store delar av området. Rovviltregistreringar rapporteras gjennom rovbasen som har eigen innsynsløsing.



Jervsporing

Informasjon

I Luster har det vore stor aktivitet på informasjonsfronten i 2012 med til saman rundt 7 velesverk på naturveiledning. Det har vore arrangert fleire kurs, bl.a. restaurering av gamle risingsalmar. Kurset var for SNO, forvalting, grunneigarar og tenestekjøp personell. I tillegg har det vore arrangert bygdevertskurs i Mørkridsdalen. Risingskurset var eit praktisk kurs retta mot skjøtsel, medan bygdevertskurset var vidareutdanning av lokale turistvertar.



Frå risingskurset i mars og bygdevertskurset i mai 2012.

SNO- Luster deltok også på Lærdalsmarknaden med SNO-lavvoen.

Det er sett i gong eit stort samarbeidsprosjekt med Skjolden oppvekstsenter der målsetjinga er: *Lære barna å bli kjente i eit verneområde i sitt eige nærmiljø gjennom tverrfagleg ute undervisning med hovudvekt på naturfag og historie. Undervisninga skal knytast opp mot fagområda i rammeplanen og kompetansemåla i læreplanen. Prosjektet skal gjennomførast ute i verneområdet.*

Skuleprosjektet, som er ein del av Menneske og naturarvenprosjektet , blir gjennomført i regi av skulen med SNO som fagleg hjelp i felt. Alle borna på oppvekstsenteret frå 4 til 12 år deltek (40 stk). Prosjektet skal strekkast gjennom heile skuleåret for å få med variasjonar i årstidene. Feltdagane er fordelt på haust og vår med til saman seks dagar i felt. I tillegg jobbar elevane mykje både før og etter feltdagane med ulike fag som norsk, kunst og handverk, naturfag og historie. Det er laga eigen rapport om skuleprosjektet.

På Fjordstova i Skjolden er det laga ny utstilling om Breheimen og Mørkrildsdalen der SNO Luster og Skjåk har bidrige med mange bilete.

Gjennom prosjektet Mennesket og naturarven har Mørkrildsdalen fått stor merksemd gjennom ulike føredrag nasjonalt og internasjonalt.

I Lom har vi også i år gjennomført Barske glæder, som er eit samarbeidsprosjekt mellom mange aktørar. Vi inviterer 5. klasse i Vågå, Lom og Skjåk og gjev dei ein dag ute med naturveiledning.



Glimt frå skuleopplegget i Mørkridsdalen. Her er tema kulturlandskap og korleis dette er forma av tidlegare bruk.

På Dønfoss i Skjåk har vi vore med i ei prosjektgruppe som har jobba med ei utstilling om Reinheimen og Breheimen NP. Dette er ein informasjonsportal til desse verneområda, der ein treff bygdefolk, hyttefolk og andre turistar. Informasjonssenteret ligg i tilknytning til ein Coop-marked butikk, og følgjer opningstidene der.

Utviklingstrekk/utfordringer - forslag til oppfølging

Det er viktig å halde fram med å ha stort fokus på informasjon og naturveiledning då ein ser at dette har veldig positiv effekt, både i lokalmiljøet men også ut over dette. Prosjektet Mennesket og naturarven vil halde fram i 2013.

Plukking av søppel

Ved anledning tek vi turar for å frakte ned gammalt søppel som vi har fått kjennskap til frå lokalt hald. Dette kan være gamle restar etter vassvegsarbeid, restar etter gamal tamreindrift og liknande.

Tilsyn med tamreindrift

Utpå vinteren kjem Lom tamreinlag med sin flokk på Lomseggområdet, og vi følgjer også med på denne drifta ved å etablere eit samarbeid med tamreinlaget. Det er viktig med ein god dialog med dei forskjellige interessane i Breheimen, bl.a villrein og tamrein.



Nedkøyring av søppel frå fjellet, her gamalt dieselfat.



Lom tamreinlag med delar av flokken sin i Krosshøe.

2. Registrering/overvåking

Ferdselstelling

I 2012 vart ferdselsteljaren ved Drivandefossen i Mørkridsdalen ståande ute i perioden 11. juni – 4. oktober. Boksen registrerte 5060 passeringar fordelt på 3854 opp og 1206 ned. Det er ikkje gjort nærmare analyse av dataene enno, men det ser ut til at det er ein auke frå i fjor.

Det er ikkje gjort stislitasje målingar på stien i 2012. Rapporten frå prosjektet Målstyrt forvalting anbefalar at det blir gjort kvart 3. år.

I Dumdalen har det også i år stått oppe ein ferdselsteller for å måle omfanget av fotturister inn til grottene. Tala på ferdselet i Dumdalen for i år er enno ikkje klare, avdi at avlesinga av teljaren har stoppa opp. Ser ein på ferdsel basert på observasjonar, er det vel på det jevne med trafikk. Det er leirskulane som er dei desidert største brukarane, og også dei vi har mest kontakt med i fjellet. Det er ei prioritert oppgåve å få opp informasjon om bruken av grottene ved inngangsporten. Vi må fortsetje dialogen mellom brukarane, forvaltninga og SNO for å lage ei smidig ordning som vil tjene både vernet av grottene og brukarane.



Frå ein tur i grottene i sommar.

Bevaringsmål - strukturert befaring

Direktoratet for naturforvalting har valt ut nokre pilotområde for å prøve ut metodikk kalla strukturert befaring for å kvantifisere bevaringsmål. Ein ynskjer å undersøke korleis verneverdiane utviklar seg. Dersom tilstanden er därleg eller middels, skal det bli føreslått tiltak for å betra situasjonen. Med gode bevaringsmål for eit verneområde vil det bli lettare å vite kva tiltak ein bør gjere, og med gode metodar for å måle dette kan ein seie om tiltaket har ønska effekt.

Metoden vart prøvt ut i på slåttengene på Dulsete og Knivabakkgjerdet i Mørkridsdalen. Ein ynskjer å sjå kva effekt slåtten har på verneverdiane med å kvantifisere uønska planter, ønska artar, gjengroing m.m. Det er laga eigen rapport om dette arbeidet.

Utviklingstrekk/utfordringer

Strukturete befaringar på Dulsete og Knivakkgjerdet bør halde fram årleg. Likeeins bør ferdselsteljaren måle bruken av stien årleg. Stislitasjen på stien mellom Mørkri og Fast målast med jamne mellomrom. Det er viktig å få lange måleseriar som seier noko om utviklinga.



Frå strukturert befaring på Dulsete.

3. Tiltak frå bestillingsdialogen

I Luster er det til gjennomført tre store tiltak fordelt på åtte tenestekjøpavtalar:

1. Kulturlandskapsskjøtsel i Mørkridsdalen

1a. Avtale slått på Knivabakkgjerdet (Jenny og Ole Bakken)	15 000	Gjennomført
1b. Avtale slått på Dulsete (Johannes Hauge og Luster kommune)	100 000	Gjennomført
1c. Avtale - styrt beiting på Knivabakkli (Kjell Einar Ormberg)	25 000	Gjennomført
1d. Avtale rising i Mørkridsdalen (Steinar Vatne)	25 000	Gjennomført
1e. Rising (Kjell Einar Ormberg)	15 000	Gjennomført
SUM	180 000	

2. Utbetring og vedlikehald av buforveg

2a. Avtale Skjolden bygdeservice – utbetring av buforveg	100 000	Gjennomført
2b. Avtale Skjolden bygdeservice – vedlikehald etter ras	20 000	Gjennomført
SUM	120 000	

3. Skilting av Breheimen

3. Tenestekjøpavtale med Kjetil Ruud	60 000	Gjennomført
--------------------------------------	--------	-------------

I tillegg vart det tildelt 60 000 til restaurering av sti i Vigdalen over dei frie midlane. Dette tiltaket er også gjennomført.

I Oppland er det utført følgjande tiltak:

Restaurere Smithbue	91500	Gjennomført
Restaurere stig Smithbue inkl.kurs	61500	Gjennomført
Bom Høydalen	25000	Gjennomført
Bom Vargevasskulane/Langvatnet	50000	Gjennomført
Ombygging av tralle til Bru Tundradalen	10000	Gjennomført

Kulturlandskapsskjøtsel i Mørkridsdalen

I august vart det gjennomført slått på Knivabakkgjerdet (15 da) og Dulsete (11 da). Graset vart slått med slåmaskin, raka saman og fjerna. Det er ei problemstilling om kva ein skal gjere med graset. I tillegg er det utført haustbeiting med 103 sau i området rundt Knivabakkli.

Utpå hausten vart det også restaurert eit 10-tals store risings almar i Mørkridsdalen, i Halljingebakkane og Jervane. Samtidig vart det laga fleire nye risings almar frå unge tre.



Graset veret fjerna frå enga.



Restaurering av desse store almane krev god ekspertise, her utført av økolog Steinar Vatne.

Utviklingstrekk/utfordringar

Skjøtselen i Mørkridsdalen må halde fram. Det er viktig at motiverte grunneigarar vert følgd opp.

Anbefalte oppfølgingspunkter neste år

Slått på Dulsete, Knivabakkgjerdet og restaurering av nokre nye almar.

Utbetring av buforveg i Mørkridsdalen

Utbetringa av buforvegen i Mørkridsdalen er et flereårig prosjekt. I 2012 ble det arbeidd med strekninga frå Svinatjørni til Dulsete. Her vart det utført steinarbeid og utbetring av grøfter.

Utviklingstrekk/utfordringar

Buforvegen har blitt utbetra i hovudsak med tanke på storfe. Dette fører til fleire beitedyr i dalen. Vegen lenger inn i dalen bør også utbetrast, og det bør kome bru over elva slik at store dyr som storfe og hest kan beite på andre sida av elva og halde open stølvollen på Knivabakkgjerdet.

Anbefalte oppfølgingspunkter neste år

Vidare utbetring av kritiske punkt på buforvegen på begge sider av elva. Bygge bru ved Liane.

Utbetring av buforveg i Dalsdalen, Vigdalen LVO

I Dalsdalen som er inngangsportal til Vigdalen landskapsvernområde, har stien blitt utbetra vesentleg frå parkeringsplassen i Dalsdalen til stølen Kilali.



Stien i Dalsdalen etter tiltaket.

Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging

Arbeidet med buforvegen er eit fleireårig prosjekt og bør vidareførast frå Kilali og vidare innover..

Restaurering av stig opp mot Smithbu

Arbeidet med stigen opp til Smithbu, kom langt i sommar, men det er tenkt å fortsetja arbeidet også neste år. Det var sherpaer frå Geir Vetti som gjorde arbeidet i samarbeid med Egil Olav Nyrnes i Lom.

Utviklingstrekk/utfordringar

Stigen har vorte restaurert med tanke på bruk av turgåare, og dei har lagt mykje arbeid på å lede vatn ut av stigen, samt steinlegging. Det står att ein del arbeid for å få stigen i samanhengande god kvalitet.

Anbefalte oppfølgingspunkter neste år

Vidare restaurering/steinlegging spesielt i nedre delar stigen.

Restaurering av Smithbue på Lomseggi

Det vart gjort eit stort stykke arbeid på Smithbua, der taket vart rive, og bua plukka ned og bygd opp att. Dette er eit arbeid som Lomseggen sameige har organisert og fått til ved hjelp av sherpaer fra Vetti, dognadsfolk frå sameiga, Egil Olav Nyrnes og Stokk og Stein i Lom.



Smithbue etter restaurering. Foto: Mai Bakken

Bru i Tundradalen



Brua i Tundradalen etter ombygging.

Skilting av Breheimen

På Sogn og Fjordane sida av Breheimen vart merkinga fullført i 2012 med til saman 26 grenseskilt. Skiltinga vart utført som eit tenestekjøp som kompensasjon for at SNO-Luster har brukt mykje arbeidstid på Mennesket og naturarv-prosjektet.

I Oppland har vi fortsatt arbeidet med merking av grensene slik:

NP: 12 skilt i 2012 (20 totalt)

NR: 4 skilt i 2011

LVO: 6 skilt i 2012 (9 totalt)

Sum:18 skilt i 2012 (33 totalt)

Utviklingstrekk/utfordringer

Vi har endeleg fått tak i kart til gps med vernegrenser, slik at merkinga går lettare. Arbeidet foregår til fots med bormaskin. På grenser der vi f.eks går frå LVO til NP brukar vi stålstolpe der vi skrur fast eitt skilt på kvar side av stolpen, ellers brukar vi alu-stolpe for enkeltgrenser.

Anbefalte oppfølgingspunkter neste år

Skiltinga i Oppland fortset så snart barmarkssesongen er i gang.



Skiltinga i Luster vart utført av Kjetil Ruud.

06-11-2012

Liv Byrkjeland og Øyvind Angard